



Robert Hjertås
Radøyvegen 3125
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/12335 - 20/48339

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
07.08.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 415/10 Nordanger

Tiltak: Driftsbygning
Byggjestad: Gbnr: 415/10
Tiltakshavar: Robert Hjertås

Kommunen viser til søknad mottatt 25.06.2020 og samtale om saka i dag.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er i søknaden oppgitt bygd areal for driftsbygningen. Vi ber om at det også vert oppgitt bruksareal, dvs arealet innanfor omsluttande veggjar utan fråtrekk frå innvendig vegg m.m.
For utrekning av bruksareal sjå eller rettleiaren Grad av utnytting. Lenke finn du her: https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/boby/grad_av_utnytting.pdf
2. Det må sendast inn nødvendige terrengprofil som viser eksisterande og nytt terreng og der høgdeplassinga for driftsbygningen går fram. Høgdeplassinga kan du gje opp for overkant golv og planert terreng.
3. Når det gjeld ny tilkomstveg har vi konferert med landbrukskontoret i etterkant av telefonsamtalen. Vi legg til grunn vedtaket om godkjend landbruksveg og avkøyringsløyve frå fylkesvegen i den vidare behandling av saka. Ytterlegare dokumentasjon er derfor ikkje nødvendig å senda inn.

Vi legg ved kommunen sitt kart for innteikning av omsøkt tiltak.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla og seinast innan **01.09.2020**. Vi vil sluttbehandla søknaden så snart etterspurd dokumentasjon ligg føre.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart gbnr 415-10

Kopi til:

Robert Hjertås

Radøyvegen 3125

5939

SLETTA

Mottakarar:

Robert Hjertås

Radøyvegen 3125

5939

SLETTA